

**[302] Den utvidede utenriks- og konstitusjonskomite
Møte onsdag den 28. mars 1973 kl. 11.**

Møtet ble ledet av formannen, H e l g e S e i p .

Til stede var: Trygve Bratteli, Knut Frydenlund, Guttorm Hansen, Asbjørn Haugstvedt, Margith Munkebye, Tor Oftedal, Erling Petersen, Helge Seip, Kåre Willoch, Johan Østby, Leif Granli, Bernt Ingvaldsen, Gunnar Alf Larsen, Ingvar Bakken, Karl J. Brommeland, Rolf Fjeldvær, Sverre Nybø, Ingvald Ulveseth, Johan A. Vikan, Gunnar Berge (for Fredheim), Gunnar Garbo, Aase Lionæs, Sonja Ludvigsen, Paul Thyness (for Otto Lyng), Erling Engan (for Per Borten) og Karstein Seland (for Arnt Hagen).

Komiteens faste sekretær: Sven Knudsen.

Av Regjeringens medlemmer var til stede: Statsminister Lars Korvald, utenriksminister Dagfinn Vårvik, statsråd Hallvard Eika og statsråd Trygve Olsen.

Følgende embetsmenn ble gitt adgang til møtet.

Fra Utenriksdepartementet Statssekretær Tormod Svennevig og advokat Underland.

D a g s o r d e n :

Handelsavtalen med EF.

Formannen: Handelsministeren får ordet for å gi en redegjørelse.

Statsråd Hallvard Eika: Føremålet med dette møtet med den utvida utanrikskomiteen er å gje ei oversikt over forhandlingssituasjonen pr. i dag, slik den no fortonar seg. Ei summarisk oversikt er gjeven i notatet av 27. mars, som vart distribuert til komiteens medlemmer i går, og eg vil berre prøva å gje nokre supplerande opplysningar.

[303] Stedfortrederkomiteen, COREPER, har møte i Brussel i dag og drøftar forhandlingane med Norge med tanke på det rådsmøtet som skal haldast den 2. og 3. april. Dei vurderingar som vi no gjer gjeldande, byggjer på samtaler med Kommisjonen og med representantar for medlemslanda. Vi vil sjølvstekt ha eit sikrere vurderingsgrunnlag når dagens møte i COREPER er avslutta og vi har fått dei nødvendige opplysningar derfrå.

I det notat som er lagt fram, er det gjort greie for den timeplanen som vi no arbeider etter, og som skal føra fram til forhandlingsavslutning før påske. Det sentrale element i denne timeplanen er Rådets møte den 2. og 3. april, som denne gong skal haldast i Luxembourg. Vi meiner no å ha visse for at Rådet vil handsama på nytt og ta stode til einsskilde av dei viktigaste forhandlings spørsmål som tydelegvis ikkje kan finna ei løysing som vi synest er akseptabel utan nye direktiv frå Rådet. Det gjeld først og fremst aluminium og fiskerisektoren. Kommisjonen har også gjeve uttrykk for det same syn, dvs. dei har òg vurdert stoda slik at Ministerrådet bør vurderer mandatet på nytt for så vidt gjeld desse to sektorar, men

først etter COREPER's møte i dag vil ein ha eit sikrare bilete av stoda for så vidt gjeld desse to sektorar.

Som det også tidlegare har vore nemnt, har vi ikkje sett det turvande å bera fram andre forhandlings spørsmål enn fisk og aluminium for Rådet. På dei andre områda synest det etter vårt syn som om avstanden mellom partane ikkje er større enn at det burde vera mogleg, eventuelt etter justering av mandatet på COREPER-nivået, å koma fram til eit forhandlingsresultat som begge partar ut frå tilhøva kan akseptera. Vi hadde von om at vi på dei fleste område gjennom dei to plenarmøte som vart haldne i førre veke, den 16. og 23. mars, skulle ha kome noko nærare konkrete forhandlingsresultat enn tilfellet er i dag. Vi har nok nådd eit stykke fram, men det står att ytterlegare nokre møterunder før forhandlingsmandatet på begge sider kan seiast å vera uttømt.

Etter det plenarmøtet som vart halde den 23. mars, vert no forhandlingane førde gjennom uformelle møte mellom forhandlingsleiarane, som har med seg eit lite antal sakkunnige på begge sider. Og etter dei konferansar om timeplanen som har vore haldne med Kommisjonen sine folk, reknar eg no med at forhandlingane skal kunne avsluttast med eit avsluttande plenarmøte anten den 9. april, eller i verste fall – hadde eg nær sagt – den 16. april, slik at vi får parafering før påske.

Når det gjeld spørsmålet om den interimordninga som skulle ta vare på dei problem som oppstår i samband med opphavsspørsmåla, og som følge [304] av at vi ikkje har ei ferdig parafert og ratifisert avtale til 1. april, har spørsmålet vore under arbeid i Kommisjonen, og det har frå Kommisjonen si side dei siste dagar vore gjeve uttrykk for at dei går ut frå at det vil gå i orden. No i det aller siste er det ting som tyder på at denne interimordninga kan koma til å få noko trongare fødsel enn det Kommisjonen og vi hadde rekna med på grunn av den franske innstillinga. Det spørsmålet vil vel også verta atskilleg meir avklåra etter COREPER-møtet i dag.

Når det gjeld rådsmøta den 2. og 3. april, skal eg seia nokre få ord om det vi vonar å oppnå på dei to felta som desse møte etter føresetnaden skal få avgjerande innverknad på. Det første gjeld aluminium. Der har det formelt sett ikkje vore noko bevegelse, heilt enkelt fordi mandatet av 5. februar har vore så konsist og konkret utforma at Kommisjonen ikkje har hatt reelle marginar å forhandla på. Det vi tek sikte på å prøva å få til, og som vi meiner burde liggja innafor moglegheitenes ramme, var ei heving av åpningsplafonden frå dei 190 000 tonn som er fikserte i mandatet av 5. februar, til 250 000 tonn. I tillegg til det kjem så eit fast kvantum på ca. 90 000 tonn for såkalt «midlertidig import», dvs. import for foredling og reeksport, og som ifølge EF-systemet skal gå inn tollfritt. Etter opplysningar frå Kommisjonen skulle dette liggja mellom 80 000 – 90 000 tonn; vi har hatt visse vanskar med å etterspora eit så stort kvantum i norsk aluminiumsindustri eksportstatistikk. Det har vel hatt samanheng med at dette er eit berekna tal fordi det er basert på eit utvida fellesskap som også omfattar dei ni. Vi har difor meint at med den sterke vekt som Fellesskapet har lagt på desse 90 000 tonn, bør ordninga vera slik at dersom vi ikkje får utnytta dei 90 000 eit år, skal det som manglar, leggjast til plafonden for vedkomande år. Samstundes meiner vi at vi bør kunna gjennomføra ei

viss innskrenking i det tidsrommet plafondordninga skal gjelda. Det har frå Kommisjonen si side vore uformelt antyda at dei kan tenkja seg noko i den leid.

Når det gjeld aluminium halvfabrikata, er vårt prinsipale standpunkt framleis at den bør takast ut som følsom vare, og vi meiner framleis at det er visse moglegheiter for å oppnå det. Skulle det visa seg at dette er eit krav som ikkje går, meiner vi at det subsidiære krav bør vera sju år utan plafond. Vi vil då få toll disparities overfor Sverige og dei andre EFTA-land, men det vesentlege må vera å få vekk plafonden.

Når det gjeld fisken, har ein hittil møtt avvisande holdning bortsett frå når det gjeld frossenfilet. I dei aller siste dagane har det i underhandsdrøftingar kome uttaler frå Kommisjonen som tyder på at spørsmålet er under oppmjuking også sett [305] frå Kommisjonen si side. Vi er klår over at bestemmelsen i mandatet av 5. februar om at det ikkje er spørsmål om tollfridom, men om substansiell tollreduksjon, er vanskeleg å koma forbi. Vi siktar på denne bakgrunn på ein tollreduksjon ned til 2-3 pst. for fiskefilet. Og så vidt vi kan dømme av dei uttaler som er komne frå kommisjonshald, er dei inne på eit nokolunde tilsvarende nivå, kanskje noko høgare. Vi siktar på tilsvarende tollreduksjon for reker. For hermetikk er målsettinga 50 pst. reduksjon av tollen. Der har som kjent Island fått 50 pst. reduksjon og Portugal 40 pst. Det er neppe grunn til å tru at vi har sjanse til å få større tollreduksjon enn desse to land har fått. Vi har fråfalle kravet om tollreduksjon for skallreker, som ikkje var tollfri under EFTA-avtala.

Når det gjeld herda feitt og feittsyre, som for oss står som eit industrispørsmål, men som for Fellesskapet er eit fiskeri/jordbruks-spørsmål, har reaksjonen hittil vore heilt negativ så å seia på alle hald. Vi har difor bestemt oss for å søkja å oppnå ei ordning basert på ei kvoteordning på Storbritannia og Danmark, eventuelt også Irland, som skal gjera det mogleg å oppretthalda den noverande eksport. Her må det i tilfelle veljast ei kvoteordning med full tollfridom innafor kvoten, for marginane er så små og tollen så høg at allereie første opptrapping av tollen sannsynleg vil bety ei alvorleg belastning for industrien.

Når det gjeld dei andre spørsmål som vi reknar med å få klårgjorde under forhandlingar med Kommisjonen innafor mandatet av 5. februar, med eventuelle justeringar av COREPER, skal eg først seia litt om papir og papp. Der har vi fått 11 plafondar. Vi meiner at det burde vera mogleg å få bort ein av desse. Det er for kreppa papir, der situasjonen er slik at den i og for seg ikkje kan ha nokon misjon korkje sett frå Fellesskapet si side eller frå vår side. Men elles konsentrerer vi oss om dei to plafondar for finpapir og magasinpapir, der vi meiner at plafondane er altfor låge. Slik heile forhandlingssituasjonen ligg an, meiner vi at dei andre åtte plafondane må kunna akseptierast.

For magasinpapir der plafonden i forslaget frå Kommisjonen er sett til 96 000 tonn, har vi som målsetting å få heva den til 120 000 tonn. For finpapir der plafonden etter forslaget frå Fellesskapet er 31 000 tonn, er målsettinga å få heva den til 40 000 – 45 000 tonn. Vi er fullt klår over at den einaste fullt tilfredsstillande ordning for papirindustrien er ei plafondløs ordning sett på bakgrunn av at vi står foran ein periode der vi må [306] rekna med at det vert nødvendig med ei monaleg

strukturrasjonalisering, men ei realistisk vurdering av forhandlingssituasjonen viser at det er ingen moglegheiter for å nå fram med vårt prinsipale krav om planfondfri ordning for papir.

Når det gjeld den andre store sektor, ferrolegeringssektoren, er det to plafondar som vi gjerne vil ha høgare. Det gjeld ferrosilisium, der plafondgrunnlaget frå Kommisjonen si side er 170 000, og der det etter ei nøktern vurdering av situasjonen må vera riktig å ta sikte på ein åpningsplafond av storleiksorden 192 000 tonn. Den andre plafonden vi meiner vi spesielt bør satsa på å få høgda, er ferrosilisiummangan og lavkullholdig ferromangan, der Kommisjonens forslag er 117 000 tonn, og der vi meiner at den burde kunne hevjast til 140 000 tonn.

Så nokre ord om rayon-ull som på mange måtar står i ein heilt spesiell stilling. Fellesskapet har foreslått plafondar for oss, samtidig som den er plafondfri og ikkje følsom vare for dei andre EFTA-land. Det verkar som det ikkje er gjennomtenkt frå Fellesskapet si side. Sverige, Finland og Østerrike har til saman ein produksjon på 150 000 tonn og er utan plafondar. Vi har ein produksjon, dersom eg ikkje hugsar feil, på nokre og tretti tusen tonn og ein plafond på 8 500 tonn. I praksis vil ikkje plafondar i vår avtale vera noko vern for Fellesskapet sin industri, men vil føra til forvridding av handelen frå Norge over på dei andre EFTA-land. På den bakgrunn meiner vi at plafondordninga for rayon-ull må bort, og ut frå dei drøftingar vi har hatt, meiner vi også å ha grunn til å tru at det vil skje.

Når det gjeld sink, har vi fått ein åpningsplafond på 26 000 tonn. Der har vi etter vurdering kome til at den bør hevjast til 30 000 tonn.

Så nokre ord om vår tilbaketrekingsliste. Den opphavelige lista, slik den vart framlagd for vel [307] ei veke sidan, hadde eit omfang som uttrykt i tal dekkjer 23 pst. av den totale eksport til dei seks, og 38 pst. rekna av den tollpliktige eksport. Til samanlikning kan nemnast at i Fellesskapet si tilbaketrekingsliste var dei tilsvarande tal 38 pst. av den totale import og 54 pst. av den tollpliktige. Det var med andre ord ei mykje klår overvekt på Fellesskapet si tilbaketrekingsliste. Som kjent frå avisene skapte tilbaketrekingslista vår atskillege bølger under forhandlingane, delvis på bakgrunn av at det var gjort ein reknefeil frå Fellesskapet si side, slik at dei tal dei vurderte ut frå, var meir ugunstige enn dei faktiske. Denne reknefeilen vart seinare korrigert og akseptert. Vi så ifrå på eit tidleg tidspunkt, for så vidt alt då den vart lagd fram, at vår tilbaketrekingsliste ikkje var noko minimumsliste, men kunne vera gjenstand for forhandlingar. Det vart så i førre veke lagt fram ei ny liste som bygde på reduksjon av antal produkt, og på ei noko anna fordeling mellom 11-årsgruppa og sju-årsgruppa. Den nye lista dekkjer over 13,3 pst. av den totale import frå Norge til dei seks, rekna på dei tollpliktige 22,8 pst., og fordelinga mellom 11- og sju-årsgruppa er slik at litt over 20 pst. fell på 11-årsgruppa og snaue 80 pst. på sju-årsgruppa.

Det er framleis rom for visse forhandlingar i samband med den nye lista, men vi reknar no at lista har det omfang den bør ha.

Så nokre ord om EKSF. Der har det, som det tidlegare har vore gjort greie for i komiteen, vore Regjeringa sitt standpunkt at vi skulle ta sikte på den sveitsiske

modell, dvs. ei ordning utan prisreglar. Det har frå Fellesskapet si side vore sagt at vi har fritt val mellom den sveitsiske og den svenske ordninga, men det har samstundes frå Kommisjonen vore gjeve uttrykk for at ein helst såg at vi valde den svenske ordninga, og inntrykket av det har vokse etter kvart som forhandlingane har skride framover. Det er frå Kommisjonen si side utarbeidd noko som vert kalla den norske modell, som skulle vera ein modifikasjon av den svenske, og som i praksis skulle liggja ein stad mellom den svenske og sveitsiske ordninga. Siste veke gjorde Regjeringa vedtak om at vi framleis i prinsippet skulle halda fast på den sveitsiske ordninga, men gå til reelle forhandlingar om den norske modellen med sikte på å få klårgjort gjennom forhandlingane i kva mon det var mogleg å vareta norske interesser gjennom ei løysing basert på den norske modellen. Det er tre-fire spørsmål som bør klårgjerast, slik at ein er sikker på at det ikkje er misforståing mellom partane.

For det første vert det frå Fellesskapet si side hevda at EKSF's leveranse av stål til norsk skipsbyggingsindustri etter den norske modellen ikkje skal vera underlagd Fellesskapet sine prisreglar [308] fastsett etter Artikkel 60, og at dette unntak skal vera varig så lenge avtala med EKSF gjeld. Det skulle då bety at norsk skipsindustri kan halda fram med å kjøpa stål der dei får det billegast, på same måte som hittil.

For det andre skal EKSF's leveransar av stål som er gjenstand for foredling i Norge, og som skal reeksporterast til eit EFTA-land, vera underlagde bestemmelsen om eksportrabatt. Det skulle då i praksis bety at situasjonen også på dette felt skulle verta den same som om vi valde den sveitsiske ordninga.

For det tredje vert det sagt at den norske ordninga inneber at EKSF's reglar om pristilpassing skal brukast ved EKSF's leveransar til Norge med sikte på ei pristilpassing ned til det som vert kalla ein realistisk verdsmarknadspris. Det er i dette inkludert at EKSF's leveransetilbod til Norge ikkje skal offentleggjerast. Dette er av dei spørsmål som kanskje er mest uklåre, og som det er viktigast å få klårgjorde i dei drøftingar som skjer i Brussel i desse dagar. Vi reknar med at det er mogleg at vi kan få ei endeleg avklåring på det som er det reelle innhald i den såkalla norske modellen under arbeidsgruppemøtet som går føre seg i Brussel i dag.

Når det gjeld skipsfart, har eg tidlegare sagt i denne komiteen at det har vore ei mykje negativ holdning til spørsmålet om å avtalefastleggja ein konsultasjonsrett og ei konsultasjonsplikt når det gjeld maritim transport, og det er tydeleg at vi ikkje har nokon sjanse til å nå fram. Vi har gjort ein freistnad på å nå fram via to andre løysingar: anten i form av ein protokoll, der poenget er å få ein underkomite for skipsfartspolitiske spørsmål under den «blandede komite», eller via ei brevveksling å få til ei lausare konsultasjonsordning, der partane frå tid til annan utpeker representantar som skal stå for skipsfartspolitiske spørsmål. Om det er mogleg å nå fram etter desse vegane, er ikkje klårt enno. Det har kome visse fråsegner som tyder på at Kommisjonen no er innstilt på å prøva å finna fram til ei ordning som iallfall noko på veg skulle etterkoma ønsket om konsultasjonar, men det er heilt tydeleg at det vert ikkje i den bindande, forpliktande forma slik vårt prinsipale krav var.

Så til slutt nokre få ord om jordbruksinnrømmelser. Der er situasjonen at vi har nådd så langt fram at vi meiner at vi vil verta samde. Det står att eit par-tre spørsmål som det er vanskeleg å gå på frå norsk side utan at ettergjeving på dette punkt vil få vidtrekkande konsekvensar for visse delar av hagebruksnæringa. Det gjeld tomatar, der Fellesskapet – i praksis er det visstnok Holland – framleis held fast på friperiode i mai og juni. Det [309] gjeld eple, der vi har tilbode friperiode som byrjar 1. februar, men der Fellesskapet – og framleis er det visstnok Holland som kjem sterkast inn – held fast på 1. januar, og det gjeld pærer, der vi har bode friperiode frå 1. januar, og der Fellesskapet framleis held på friperiode frå 15. desember. For alle desse tre punkt vil det å etterkoma krava frå Fellesskapet bety særdeles avgjerande innskrenking i moglegheitene for å driva desse produksjonane på lønsam basis.

Dei andre spørsmål som enno ikkje er avklarte, er av ein slik karakter at vi meiner ut frå ei realistisk vurdering at vi skal nå fram.

[310] Formannen: Jeg takker handelsministeren for redegjørelsen. Før jeg gir ordet fritt, vil jeg gjerne bare stille et spørsmål i forbindelse med det siste punktet. Det har vært nevnt i forskjellige aviser – vel i går i «Sjøfartstidende» – at spørsmålet om eventuelt å lage en avtale uten jordbruk og fiske har vært oppe. Men det er vel ikke noe som har vært på tale. Jeg går ut fra at det er noe som er kommet som spekulasjon.

Statsråd Hallvard Eika: Eg kan berre bekrefte at det ikkje har vore oppe.

Asbjørn Haugstvedt: Det var bare et spørsmål som jeg ikke har helt klart for meg. Jeg oppfatter både av dette notatet som vi har fått, og av det som handelsministeren nå har uttalt, at både Kommisjonen og medlemskapslandene er innstilt på en ny behandling av Kommisjonens forhandlingsmandat på møtet 2. april. Det som jeg ikke har helt klart for meg, er hvilke varer man da skal behandle. Jeg oppfattet det slik at det er aluminium. Men er det også aluminium halvfabrikata? Det er jeg interessert i å vite.

Videre når det gjelder fisk, går jeg ut fra at det gjelder hele rekken av fiskeprodukter og ikke bare frossen fileten som vi har diskutert tidligere, men også reker, hermetikk ikke minst og herdet fett og fettsyrer. Jeg vil bare be om å få klarlagt hvilke varer man vil bringe inn igjen i møtet 2. april.

Knut Frydenlund: Jeg vil takke handelsministeren for redegjørelsen. Både etter det han sa, og etter det som fremgår av det omsendte notatet, går jo forhandlingene etter programmet. Man regner også med å bli ferdig før påske. Og så langt er alt greit.

Men i dette notatet er det helt til slutt vist til den henvendelse som utenriksministeren har foretatt til de herværende EF-ambassadører. Nå har ikke komiteen fått innholdet av denne henvendelse, men noe av den har vært gjengitt i avisene, og hvis det er riktig det som har vært gjengitt i avisene, virker situasjonen

noe mer dramatisk enn dette notatet gir inntrykk av, og handelsministeren gav uttrykk for. Det jeg vil spørre om, er for det første om det som har stått i avisene er riktig, nemlig at utenriksministeren skal ha uttalt til EF-ambassadørene at dersom Norge ikke får en bedre avtale enn det som nå synes å avtegne seg, vil ikke dette bli forstått [311] av det norske folk. Jeg har ikke mulighet for å vurdere om dette er riktig. Men jeg vil be om at komiteen får det dokumentet som ble overlevert EF-ambassadørene, og som vel også ble utlevert i hovedstedene i EF-landene, fordi det slår meg når jeg leser dette notatet og hører statsråd Eikas redegjørelse og samtidig ser dette på bakgrunn av det som utenriksministeren skal ha uttalt overfor EF-ambassadørene, er at det er en avstand i vurderingene her. Mitt spørsmål er da: Er det den gjengitte henvendelse fra utenriksminister Vårvik til EF-ambassadørene, med det til dels dramatiske innhold, som gir det riktige bilde, eller er det det som fremgår av dette notatet?

Når det gjelder timeplanen, har vi hele tiden vært opptatt av at disse forhandlingene ikke blir trukket i langdrag. Som det fremgår av notatet, av statsråd Eikas redegjørelse og også av statsministerens foredrag nylig, ser det ut til at avtalen vil bli undertegnet før påske. Når det gjelder tilbaketrekkingen, som handelsministeren var inne på, har jeg bare et spørsmål å stille, og det er følgende: Ble den reduksjon i de norske krav på nær 50 pst. – fra 22 – 13 pst. – som er foretatt, foretatt som et resultat av forhandlinger med EF, hvor EF på sin side erklærte seg villig til visse motytelser, eller er dette en ensidig reduksjon fra norsk side uten noen motytelse? I så fall er spørsmålet hvorfor man foretok denne operasjonen.

Et annet spørsmål som vi har vært inne på før, gjelder forholdet mellom oljen og handelsforhandlingene. Handelsministeren har tidligere erklært at Regjeringen ikke har brakt oljen inn i forhandlingene, og da må man gå ut fra at dette er riktig. På den annen side kommer slike rykter stadig tilbake. Jeg har akkurat for meg et fransk ukeblad av relativt ny dato Det er en tydeligvis inspirert artikkel her, hvor det vises til at det er oppstått en spenning i forholdet mellom Norge og Frankrike – diplomatisk spenning, står det – som følge av at Norge overfor franskmennene skal ha gitt uttrykk for at hvis franskmennene ikke er mer imøtekommende under forhandlingene, vil man fra norsk side revidere holdningen til utvinningstillatelsen på kontinentalsokkelen. Jeg betviler ikke at handelsministerens uttalelse er den fulle og hele sannhet, men det er meget uheldig at slike meldinger oppstår. Jeg vil bare igjen ha handelsministerens bekreftelse på at artikler av denne art ikke har noe grunnlag, at man fra norsk side ikke har koblet disse to ting sammen.

Kåre Willoch: Først et spørsmål vedrørende jordbruk. Jeg hørte ikke at handelsministeren [312] nevnte noe om hvorledes det går med vinkvoten. Jeg kunne kanskje få noen opplysninger om det. I den forbindelse kan jeg kanskje få nevne spørsmålet om vinreklame. Dette er jo bl.a. et utenrikspolitisk spørsmål, og det kunne være av interesse å høre hvorledes Regjeringen har tenkt å håndtere den siden av spørsmålet, enten det kommer opp i denne forbindelse eller i annen forbindelse.

Og så et siste spørsmål: Har spørsmålet om innkjøp av forsvarsmateriell vært nevnt fra noe norsk hold på en måte som kunne koble det sammen med handelsforhandlingene?

Erling Petersen: Det er tre dager igjen til vi har et påtrengende behov for en handelsavtale. Den handelsavtalen får vi åpenbart ikke til den tid. Når man i formiddag hører hva som står igjen av helt vitale problemer å ordne, begynner man å lure på hvilke viktige ting man her har unnagjort i alle de måneder man har forhandlet. Men det er ikke det spørsmålet jeg vil stille. Mitt spørsmål gjelder interimordningen. Om den kommer i stand mellom forhandlingspartene, når og hvordan vil man gi den konstitusjonell gyldighet, slik at den får betydning i praksis?

Paul Thyness: Det har skjedd et skifte i ordbruken fra forrige møte til dette som jeg gjerne vil ha litt nærmere rede på. I forrige møte snakket vi om å ta saken tilbake til Rådet for at det skulle kunne komme et nytt forhandlingsmandat. Nu snakker man om at man skal få nye direktiver fra Rådet. Jeg forstår det derhen at man regner med at noen endring i selve mandatet vil ikke bli foretatt, men det gjelder fortolkningen av det. Mitt spørsmål er da: Regner man med at nye fortolkninger fra Rådets side kan komme til å gi noe resultat når det gjelder et så vidt presist formulert mandat som det som Rådet utformet når det gjelder aluminium, eller betyr det at man faktisk nå på dette punkt har begynt å miste håpet om at noe vesentlig vil komme til å skje?

Så var det også et annet spørsmål i relasjon til det vi snakket om i forrige møte. Da ble det presisert fra handelsministerens side at når man kom til dette punkt, skulle man være ferdig med alt unntatt et par hovedsaker. Nu står det åpenbart igjen adskillig mer enn det. Og mitt spørsmål er da: Regner man med å få dette løst på de dager som er igjen inntil ministerrådsmøtet, eller betyr det at det blir en større pakke vi sender til Ministerrådet enn den vi opprinnelig hadde tenkt oss?

[313] Utenriksminister Dagfinn Vårvik: Jeg skal forsøke å svare representanten Frydenlund. Det er ingen dramatik omkring de møter jeg hadde med de seks EF-ambassadører her i Oslo. Det måtte i tilfelle bestå i at de ble innkalt nokså tett på hverandre mandag og tirsdag. Jeg har hatt en del kontakt med dem ellers også gjennom lengre tid – kanskje mer tilfeldig enn dette. Jeg gjorde ikke annet enn det som står gjengitt i dette notatet, hvor det heter at jeg gjorde rede for norske krav og våre synspunkter på forhandlings situasjonen. Det var først og fremst konsentrert om de gjenstående problemer, råaluminium, aluminium halvfabrikata og fiskeproduktene på basis av at vi vil ha disse problemer fram for ministerrådsmøtet 2. og 3. april. Hensikten med det hele var å forsøke å få disse ambassadører til å påvirke sine regjeringer til å innta en mest mulig positiv holdning til de norske krav. Dette er for så vidt så velkjent for Stortingets utvidede utenrikskomite at jeg ikke har funnet grunn til å oversende notatet til komiteen. Jeg tror ikke det inneholder noe nytt i forhold til det den utvidede utenrikskomite har fått tilsendt av materiale tidligere.

Nå har ikke jeg studert avisene så godt at jeg vet hva som har stått der. Men det som jeg sa i tillegg til det som var anført i nevnte notat, var at vi fra begynnelsen av hadde festet oss ved det mønster som var lagt opp for de andre handelsavtalene, og for så vidt hadde godtatt det. Men det ble vist til våre særproblemer, at vi hadde en annen eksportstruktur osv., at vi hele tiden hadde tatt det som en selvfølge at Norge burde kunne ha rimelig mulighet til å oppnå en minst like god handelsavtale som de andre EFTA-land, og at både Regjeringen og trolig også store deler av det norske folk ville ha vanskelig for å forstå det hvis Norge skulle få en klart dårligere avtale enn de andre EFTA-land. Så enkelt var det sagt, og jeg synes det var på sin plass å si det.

Knut Frydenlund: Jeg vil bare spørre om dette notatet kan distribueres til komiteens medlemmer.

Utenriksminister Dagfinn Vårvik: Jeg skulle tro at det er helt kurant. Jeg kan godt sørge for å sende det til komiteen.

Formannen: Betyr det at utenriksministeren vurderer det slik at det nå ligger en dårligere handelsavtale i kortene – altså på realiteten?

[314] Utenriksminister Dagfinn Vårvik: Det er selvfølgelig en vurderingssak. Vi har vel fra tid til annen ikke lagt skjul på at vårt mål må være å få til en så god avtale som de andre kan sies å ha oppnådd. Det er selvfølgelig også en vurdering som må tas når man til syvende og sist skal bedømme dette. Det ligger vel også i sakens natur at så lenge vi strever hardt for å forbedre avtalen på forskjellige punkter, mener vi iallfall at vi ikke hittil har oppnådd tilbud fra EF som er gode nok i denne sammenligningen.

Bernt Ingvaldsen: Jeg vil gjerne stille noen spørsmål om selve vurderingen av situasjonen. I noen tidligere notater var det så vidt jeg husker, flere ganger brukt uttrykket at det forslag som forelå fra EF, var uakseptabelt for Norge. Slik jeg forstår det nå, forhandler man om en del av disse punkter som ble karakterisert som uakseptable. En del har man så vidt jeg forstår – uten at jeg har papirene foran meg – akseptert nå.

Jeg kommer tilbake til utenriksministerens uttalelse om at en dårlig avtale ikke vil bli forstått i Norge. Ligger det i dette at Regjeringen ikke er sikker på om den vil anbefale avtalen til ratifikasjon?

Det neste spørsmål gjelder det forhold at det i denne avtalen må det følge med en hel del prosedyre når det gjelder å fastsette kriterier for ordningen. Så vidt jeg forstår, vil den prosedyren bli foreskrevet av EF, idet Norge må godta det som er vedtatt av EF, og som kan endres ensidig senere av EF. Hvis dette er riktig, hvordan vurderer da Regjeringen de rent konstitusjonelle spørsmål i forbindelse med dette?

Statsråd Hallvard Eika: Først til spørsmålet hr. Haugstvedt stilte, nemlig kva vi reknar med skal fram for Rådet 2. og 3. april. Det vi reknar med skal fram, er råaluminium og truleg aluminium halvfabrikata. Det var ein liten sjanse for at ein kanskje hadde kunna løyst det tidlegare. Sjansen er der enno, men vi reknar med som mest sannsynleg at både råaluminium og halvfabrikata må fram for Rådet. På det punktet er det spørsmål om å få eit nytt mandat eller, for å gå på hr. Thyness' spørsmål, eit nytt direktiv. Mandatet er oppfatta som eit direktiv frå Ministerrådet til Kommisjonen. Og for aluminiumens vedkomande, spesielt råaluminium, er direktivet så konsist utforma at det må eit nytt direktiv til med eit anna innhald for at Kommisjonen skal kunne gje eit vesentleg betre tilbod til Norge.

[315] Når det gjeld fisk, som vi også reknar med skal fram, gjeld det heile fiskesektoren. Der er situasjonen, så vidt vi kan bedømme den, at det er ikkje så mykje det å gje eit nytt mandat det dreier seg om, men å gje utfyllande direktiv. Det synest som om Kommisjonen der tolker det direktivet dei fekk 5. februar, særst restriktivt, meir restriktivt enn vi har oppfatta det, også meir restriktivt enn medlemmer av Ministerrådet som vi har snakka med sjølve, har oppfatta det. Det er meir eit spørsmål om å gje eit klårare direktiv enn eigentleg noko fullstendig nytt.

Så var det representanten Frydenlund som var inne på at det frå fransk side har vore sagt at det har oppstått ei viss spenning mellom Norge og Frankrike. Det har også vi fått greie på ad forskjellige vegar. Franskmennene meiner at dette i og for seg er urettferdig. Dei meiner at dei er ikkje åleine om å vera årsaka til at tilbodet når det gjeld aluminium, det er jo det det først og fremst har gjeldt, har vorte så dårleg. Dei har då på forskjellige måtar gjeve uttrykk for at dei spesielt i norsk opinion synest å ha vorte meir syndebukkar enn dei sjølve meiner det er grunnlag for, og dei ser med beklagelse på det.

I den samanhengen vil eg berre på nytt bekrefte at vi ikkje har bruka oljen i forhandlingane. Derimot vil eg til representanten Willochs spørsmål om kjøp av forsvarsmateriell har vore nemnt i samtale i forbindelse med forhandlingane, svare ja. Spørsmålet vart lansert og kopla saman med forhandlingane allereie under medlemskapsforhandlingane. Frå fransk hald vart det, ifølge det som ligg i Utanriksdepartementet, under medlemskapsforhandlingane sagt at dei ville sjå løysinga av den såkalla Crotale-saka i samheng med andre sentrale saker som var oppe i forholdet mellom dei to land. Vi har sagt det same, at vi vil koma til å vurdera våre handteringar i det spørsmålet i relasjon til andre saker. Meir konkret har det ikkje vore sagt. Det er for så vidt ei oppfølging av det som franskmennene gjorde for eit års tid sidan.

Så var det representanten Willochs spørsmål i forbindelse med vin. Det er lagt fram for Kommisjonen eit utkast til eit brev når det gjeld vin. Innhaldet i det brevet går ut på at vi ikkje kan binda oss til kvotebestemmelse når det gjeld vin, og at vi kan konsolidera den nulltollsatsen som vi allereie har på vin – pluss ein del meir generelle fråsegn. Vi er jo i ein litt annan situasjon enn svenskane som hadde ein vintoll på førehand, og derfor kunne tilby tollreduksjonar. Vi har altså gått på konsolidering av tollsatsen. Så vidt eg forstår, er det svaret vårt akseptert av Fellesskapet.

[316] Så var det hr. Thyness som meinte å kunna registrera ein viss skilnad frå førre gongen og til no når det galdt dette med todeling av problema. Det må vera eg som har uttala meg uklårt. Det er ingen skilnad for så vidt som vi meiner at det er dei same sakene som skal fram for Rådet, nemleg råaluminium og eventuelt også aluminium halvfabrikata og fiskeproblematikken. Men etter som det heile har utvikla seg, er det mogleg at ikkje alle dei andre spørsmåla vert avklåra før rådsmøtet. Det betyr likevel ikkje at dei skal fram for Rådet, men at dei kan verta slutthandsama etter at rådsmøtet er halde.

Hr. Ingvaldsen sitt spørsmål oppfatta eg dessverre ikkje, så skal eg svara på det, må eg få det teke opp att.

Statsminister Lars Korvald: Jeg vet ikke om hr. Ingvaldsens spørsmål gikk på det samme som hr. Erling Petersen spurte om.

